

# Kommunedelplan for akvakultur i sjø

## Samnanger kommune

Plan-ID: 4623 202001

### PLANPROGRAM



Datert: 28.10.2020, revidert 26.01.2021  
1.gangshandsaming: 17.11.2020  
1.gangshøyring: 26.11.2020 – 21.01.2021  
2.gangshandsaming: 09.02.2021  
**Vedtak KS-006/2021: 25.02.2021**



**Samnanger kommune**  
*- der du vil leva og bu -*

# INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING OG BAKGRUNN .....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL.....	5
1.2	GJELDANDE PLANSTATUS .....	5
1.3	AKVAKULTUR I SAMNANGER KOMMUNE OG I FJORDSYSTEMET.....	6
<b>2</b>	<b>PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....</b>	<b>8</b>
2.1	PROSJEKTORGANISERING OG MEDVERKNAD.....	8
2.2	PROSESS OG FRAMDRIFT .....	8
2.3	GRENSSNITT MELLOM PLANLOVA OG SEKTORLOVVERK.....	8
<b>3</b>	<b>FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>9</b>
<b>4</b>	<b>SENTRALE BEGREP .....</b>	<b>11</b>
<b>5</b>	<b>UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR.....</b>	<b>13</b>
5.1	UTGREIINGSPROGRAM.....	13
5.2	RISIKO OG SÅRBARHEIT .....	14
5.3	NATURMANGFALD .....	15
5.4	FRILUFTSLIV OG REKREASJON.....	17
5.5	LANDSKAP OG KULTURMINNE .....	18
5.6	FISKERI/NATURRESSURSAR.....	20
5.1	FERDSEL PÅ SJØ.....	21
5.2	SAMFUNNSVERKNAD.....	22
5.2.1	<i>Nærmiljø.....</i>	<i>22</i>
5.2.2	<i>Næring.....</i>	<i>22</i>

# 1 Innleiing og bakgrunn

Formannskapet i Samnanger kommune vedtok februar 2020 å sette av midlar til gjennomføring av kommunedelplan for akvakultur i Samnanger. I saksframlegget er bakgrunnen for planarbeidet omtala slik: *Eining for samfunnsutvikling har blitt kontakta av både oppdrettarar i kommunen med behov for å utvikle sine anlegg, og andre som er interessert i å starte/flytte sine anlegg til kommunen. Det hastar for fiskeoppdrettarane å få ein ny plan, så dei kan få utvikle sine bedrifter i tråd med klimamål og framtidige krav som vert sett til næringa. Vi ser det og som ein fordel å få ein eigen plan for akvakultur. Dette både med omsyn på tidsbruken det ofte tek å lage KPA for heile kommunen, og behov for å henta inn ekstern kompetanse. Dessutan treng akvakultur-næringa ein god plan i lag med kommunen for korleis vi kan legge til rette for matproduksjon sett i samanheng med klima, miljø og FN sine berekraftsmål.*

I framlegg til ny kommunal planstrategi 2020-2023 er kommunedelplan for akvakultur eit av dei prioriterte planarbeida for kommunestyreperioden 2019-2023. Kommunedelplanen er ei delrulling av gjeldande kommuneplan. Gjeldande kommuneplan vil framleis gjelde på landsida og på sjø fram til ny sjødel er godkjent. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Samnanger kommune.

Kommunedelplanen sitt hovudføre mål er å avklare og regulere arealbruk for eksisterande og framtidig matproduksjon i sjø (akvakultur). Kommunedelplanen vil vera med på å planlegge for framtida og utvikle næringsliv knytt til sjøområda i kommunen. Planlegginga skal legge til rette for ein balansert bruk, mellom fritid, næring og vern. I dette inneber det areal- og interesseanalysar som gir arealmessig opning for å kunne søke om godkjenning etter akvakulturlova og andre sektorlover. Planen skal balansere bruk og vern og legge føringar for matproduksjon i sjø sett i samanheng med klima, miljø og FN sine berekraftsmål.

## Planprogram og høyring

Føremålet med planprogrammet er å klarleggje premissar og rammer for planarbeidet, herunder å fastsetje kva tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og råka partar, og få innspel til gjennomføringa av kommunedelplanen og KU. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan i samsvar med plan- og bygningslova § 11.1. Konsekvensforskrifta (2019) stadfester at kommunedelplanar alltid skal ha konsekvensutgreiing og planprogram, jf. §6 bokstav a. Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for KU.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiinga (KU). Føremålet med KU er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. KU skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår med avbøtande tiltak.

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram er annonsert i avis samt på nettsida til Samnanger kommune og ABO Plan & Arkitektur AS.

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

**Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse** eller **[postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)**

Merk innspelet med: *KDP Akvakultur i sjø*

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til

- Samnanger kommune v/ Ragnhild Lønningdal
- ABO Plan & Arkitektur Stord AS v/ Turid Verdal

## **Vedtak av planprogram i kommunestyret 25.02.2021**

«**KS- 006/2021 Vedtak:** Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 11-13 andre ledd vert planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, planID 4623 202001, endeleg fastsett. Planprogrammet er dagsett 28.10.2020, med revisjonsdato 26.01.2021. Planområdet er synt i vedlagt kart, dagsett 23.10.2020, og femner om heile havflata i Samnanger kommune.

Samnangerfjorden er ein terskelfjord. Dette betyr at den frå naturen si side har lite utskifting av vassmassar i dei nedre lag. For høgt nivå av nitrogen kan gjere stor skade i Samnangerfjorden. Dei siste 10 åra har gjennomsnittleg nitrogenutslepp frå akvakultur i Samnangerfjorden vore om lag 19.000 personekvivalenter (pe). Sjølv om ein ikkje kan vise til ferske målingar av tilstand på botnforholda i Samnangerfjorden er det grunn til å vere på vakt.

Havforskningsintituttet har berekna dødelighet på smoltvandring i Samnangerfjorden til kritisk nivå over fleire år. Forekomst av akvakultur i Samnangerfjorden, Fusafjorden og Bjørnafjorden har truleg stor betydning for nivå av lakselus i Samnangerfjorden. Analyser og undersøkingar viser at opprinneleg villaks- og sjørretstamme i Samnangervassdraget er tapt eller kritisk trua. Dette samsvarer med erfaringar fiskarar har gjort seg. Statsforvaltar har som følgje av dette satt tema på dagsorden og arbeider no med eit større prosjekt med å reetablere villaksestamma i Samnangervassdraget. Samnanger jeger- og fiskarlag er også engasjert og bidrar mellom anna med kunnskap om elv og fiske.

### **Samnanger kommune set mellom anna følgjande mål for planprogram for akvakultur i sjø:**

Fjordsystemet og naturmangfaldet sine tålegrenser skal ikkje overskridast og det skal vere eit produksjonsmessig overskot av ville lakse- og sjørretstammer i dei elver i Samnanger som har dette. Akvaplanen skal foreslå tiltak som støttar opp under denne målsettinga.

Samnanger kommune ynskjer å betre ivareta både miljøet i sjøen og våre villfiskstammer i kommunen sin fjord og sjø. Vi vil ha ein nullutsleppsvisjon for forureining av kjemikalier/medisinsk utslepp og skadeleg slam i kommunen sin fjord.»

## 1.1 Føremål

Sjøområda er ein del av den norske allmenningen, og all næringsverksemd i sjø og på hav føreset at utøvaren er gitt løyve frå norsk mynde til tiltaka. For akvakulturnæringa blir det gitt akvakulturløyver etter sektorlovverk. Eitt av vilkåra for å vurdere lokalitetar/konsesjon etter akvakulturlova er at det omsøkte arealet skal vera arealavklara (plan eller dispensasjon). Med allmenningen som bakteppe er det særleg behov for å planlegge sjøområda slik at ein sikrar ein berekraftig balanse mellom bruk og vern.

Kommunedelplanen skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa for akvakultur i sjø. Planområdet er avgrensa til sjøområda og temaet akvakultur. Kommunedelplanen vil gjennom kommunestyret sitt vedtak verta bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Planen skal bestå av plankart, føresegner og planomtale, og skal erstatta akvakultur i kommuneplanen sin arealdel.

Område regulert til akvakultur vart i noverande kommuneplan sin arealdel (KPA) vidareført i førre rullering av kommuneplanen. Det er behov for å vurdere eksisterande situasjon i området og ut frå det vurdere behov for tilpassingar og justeringar. For å avgrense og ha god styring på arbeidet vil ein vera tydeleg i planprogrammet på kva som skal reviderast og vurderast.


I planarbeidet vil følgjande punkt vera naturlege **fokusområde**:

- Analyse av eksisterande situasjon med utgangspunkt i gjeldande konsesjonar og kommuneplan.
- Sikre areal for eksisterande lokalitetar, anlegg, fortøyingar og ankerfeste
- Vurdering av om naturgitte forhold i fjorden gir opning for utvikling og nye areal til akvakultur
  - Areal spesifisert til framtidig utvikla teknologi, som kan realiserast i løpet av planperioden
- Skal enkelte akvakulturområde spesifiserast til art, jf. pbl § 11-11 nr. 7? Skal det setjast miljøkrav på enkelte areal eller for heile planen, jf. pbl § 12-7 nr. 2?
- Vassforskrifta og vassdirektivet. Kvalitetsnorm for villaks. Lakse- og innlandsfisklova. Rettleiande avstand mellom akvakulturanlegg.

## 1.2 Gjeldande planstatus

I sist revisjon av kommuneplanen sin arealdel var ikkje sjøområda oppe til rullering. Kystsoneplan frå 2012 vart baka inn i kommuneplanen sin arealdel i hovudsak slik den låg. I kystsoneplanen var temaet akvakultur med, og det vart lagt inn nye område som ikkje er tekne i bruk enda. Det vart difor ikkje gjort endringar knytt til akvakultur i revisjonsarbeidet i 2018.

Sjøområda er planlagt ved bruk av arealføremåla: Bruk og vern av sjø og vassdrag. Ferdslø. Småbåthamn. Naturområde og friluftsområde (NF og F). Fiskeområde (FI). Akvakultur (A).



Figur 1. Utsnitt frå kommuneplanen for Samnanger sin arealdel vedteke 2018. Areal med rosa farge i sjøområda er areal avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.

Under er utdrag frå føresegnene i gjeldande kommuneplan for område avsett til akvakultur. Ny kommunedelplan skal vurdere om desse føringane skal vidareførast eller om dei skal endrast på.

### **§ 36. Akvakultur (A)**

*Føremålet er akvakultur. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.*

*Søknader om tiltak og inngrep i eller i nærleiken av oppdrettsområda skal leggjast fram for fiskeristyresmaktene før det eventuelt vert gjeve løyve. Heimel: PBL §11-11 nr. 3*

#### *Eksisterande anlegg*

<b>Plankart id</b>	<b>Stad</b>	<b>Spesifisering formål</b>
A	Nygård/Steinastykket	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø og på land
A	Sagen	Settefiskanlegg på land
A	Sagen	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø

#### *Framtidige anlegg*

<b>Plankart id</b>	<b>Stad</b>	<b>Spesifisering formål</b>
A01	Sagen	Settefiskanlegg på land (utviding av eksisterande område)
A02	Djupedalen	Område som kan nyttast som alternativ lokalitet for å kunna flytta eksisterande anlegg m/ fortøyingar. Formålet er å optimalisera driftsforhold og taka omsyn til miljø.
A03	Nygård/Steinastykket	Utviding av eksisterande område Nygård/Steinastykket i sjø - for å kunne flytte eksisterande anlegg m/ fortøyingar. Formålet er å optimalisere driftsforhold og taka omsyn til miljø.
A04	Hetlevika	Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø

### **1.3 Akvakultur i Samnanger kommune og i fjordsystemet**

Planområdet omfattar heile sjøområde i kommunen og er om lag 21 km<sup>2</sup> stort. Arealet består sjøområde i Samnanger- og Trengereidfjorden. Samnangerfjorden er ein fjordarm av Fusafjorden og Bjørnafjorden, og strekk seg over kommunane Samanger og Bjørnafjorden. Fjorden er om lag 22 kilometer lang og går inn til Tysse og Samnanger. Det er ein sidefjord i vest, Trengereidfjorden.

I Samanger kommune er det per oktober 2020, 3 godkjente lokalitetar. Desse tre løyva er gitt lokalitetsnamn etter akvakulturlova; Nygård, Sagen og Sagen 2. Av desse er Nygård og Sagen 2 knytt til matfisk i sjø (laks/regnbogeaure/aure), medan Sagen er knytt til land og produksjon av artane berggylt, bergnebb, brungylt, gressgylt, grønngylt, samt laks, regnbueørret, rognkjeks (felles) og aure.

Lokaliteten Sagen 2 har grøn konsesjon\* og er eit semilukka anlegg, medan Nygård er eit tradisjonelt ope stålburanlegg som produserer økologisk laks. Lokalitetane i sjø gir samla ein kapasitet på 3.120 MTB. Anlegga på sjø er eigd av to aktørar; Lerøy Vest og Langøy laks/Quatro laks/Tombre fiskeanlegg. Landanlegget er eigd av Lerøy Vest.


\*Definisjon: Eit løyve som har føremål om å redusere miljøutfordringane med rømming av oppdrettsfisk og spreing av lakselus.

Oppdrettarane som er etablert i kommunen er opptekne av å sikre drifta på lokalitetane sine og at kommuneplanen vil gi dei fleksibilitet for framtidig utvikling og drift. I tillegg er dei opptekne av at fortøyingar frå anlegga er sikra i arealplanen (føresegn eller plankart).





Figur 2. Kartutsnitt frå kommunedelplanen der akvakulturføremåla er lokalitet. Akvakulturføremål er vist med rosa farge i kartet.



Figur 3. Kartutsnitt som viser godkjente akvakulturlokalitetar i fjordsystemet utanfor Samnanger. Utklipp frå Fiskeridirektoratet sin kartløyising oktober 2020.

## 2 Planprosess og medverknad

### 2.1 Prosjektorganisering og medverknad

Prosjekteigar / vedtaksorgan	Samnanger kommunestyre
Politisk styringsgruppe	Naturutvalet
Arbeidsgruppe	Leiar samfunnsutvikling Hilde-Lill Våge Planleggar Ragnhild Lønningdal Ingeniør Ole Martin Bruvik
Utvida arbeidsgruppe	Lerøy Vest AS, Tombre AS, Samnanger næringsforum, Samnanger jeger og fiskelag
Konsulent	ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med kommunedelplanen er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet. Det er også ønskeleg med tett dialog med regionale planmynde i prosessen for å finne rett detaljnivå og gå opp grenseangar mellom planlov og sektorlovar.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspart og vert varsla direkte i brevform. Andre vil verta varsla om planarbeidet via kunngjering i avis. Det vil bli vurdert å halde *open kontordag* i samband med planarbeidet.

### 2.2 Prosess og framdrift

Kommunedelplanen skal gjennom følgjande prosess:

- Godkjenning av planprogram for offentlig ettersyn.
- Forslag til planprogram vert saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentlig mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling og planprogram, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskilddring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gangshandsaming) vert handsama i Naturutvalet og deretter lagt ut på offentlig ettersyn. Naboar og offentlig mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknadar frå offentlig ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i Naturutvalet og Kommunestyret.

#### Plan for framdrift

Utarbeiding av planprogram	Oktober 2020
<b>Politisk handsaming</b> i Naturutvalet: 1. gangshandsaming planprogram	17. November
Varsel om oppstart, innhenting av innspel og høyring av planprogram	November - januar
<b>Politisk handsaming</b> i Naturutvalet og kommunestyret, vedtak planprogram	Februar 2021
Kunngjering av planprogram	Februar
Utarbeiding av planframlegg	Februar – April
<b>Politisk handsaming</b> i Naturutvalet, 1. gangshandsaming planforslag	Mai
Planframlegg til offentlig ettersyn	Mai – august
Prosess, revisjon og utarbeiding av endeleg plan	August – september
<b>Politisk handsaming</b> i Naturutvalet og kommunestyret, endeleg vedtak	Oktober 2021

### 2.3 Grensesnitt mellom planlova og sektorlovverk

Planprosessar etter plan- og bygningslova (PBL) avklarar arealbehov og arealtilgang. Tilhøve som er avgjerande for lokalisering av tiltak, i dette tilhøve matfiskanlegg i sjø, vil handsamast i samband med kommunedelplanen.



Driftsrelaterte tilhøve som ikkje er avgjerande for lokaliseringa, høyrer til prosessar og konsekvensutgreiingar knytt til anna lovverk. Viser til Rundskriv H-6/18 som skildrar grensegangen.

For å kunna drive akvakulturverksemd er det behov for godkjenningar utover PBL. Avklaringar om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og anna som har samanheng med drifta av matfiskanlegget, er tilhøve som vert utgreidd og regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn PBL. I desse søknadsprosessane er det krav til dokumentasjon og kartleggingar som belyser mellom anna straum, biologisk mangfald, botntilhøve med meir. Kartleggingar og eksisterande dokumentasjon vil verta trekt inn i planen som bakgrunnsmateriale for arbeidet for å belyse problemstillingar, men tilhøve som vert regulert i andre lovverk vert ikkje handsama som del av planen etter PBL. Det er viktig at det vert skilt mellom sjølve kommunedelplanen etter PBL, og tilhøve som ligg i konsesjonsvilkåra for lokaliteten.

### **3 Føringer og rammer for planarbeidet**

Akvakultur er ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelsar spelar ei stor rolle når det gjeld næringa sitt behov for areal. Det er mykje som tyder på at den opne merdteknologien vil vera ein viktig produksjonsmetode i fleire år framover. Denne teknologien har forbetra seg gjennom mange år og det vil framleis skje ei kontinuerleg utvikling der opne merdar og driftsformer knytt til slike stadig vert betre. Det er viktig for oppdrettarar at areal som vert sett av til akvakulturføremål i planen vert store nok for å hindre framtidig dispensasjon frå kommuneplanen til nye driftsmetodar. Nye driftsmetodar kan til dømes medføre utviding og justering av anlegg, endringar til annan type anlegg eller ny teknologi, eller kombinasjonsbruk. Behov for å avsette store nok areal er også noko som er peika på i rundskriv frå KMD H-6/18.

#### **Nasjonale og regionale føringer og rammer**

Miljøverndepartementet har utarbeida eit samla dokument med nasjonale miljømål som synleggjer regjeringa sine miljøpolitiske satsingar, 14.05.2019. Dei nasjonale måla er sett på bakgrunn av regjeringa sin politikk anten i stortingsmeldingar, proposisjonar eller andre politiske dokument. Måla skal vera målbare og dei skal vise kva resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå. Dei nasjonale miljømåla vert i dag teke i vare i fleire samanhengar.

For akvakultur er det forventa frå nasjonalt hald at:

*Fylkeskommunane og kommunane set av tilstrekkeleg areal til ønskt vekst i oppdretts- og havbruksnæringa gjennom oppdaterte planar, som også sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Strategiar for utvikling av havbruk utanfor kysten inngår i planane.*

I dei nasjonale forventningane finn ein i omtalen om tema Fiskeri og havbruk:

*Noreg skal vere ein leiande havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetjing langs heile kysten. Potensialet for ytterlegare vekst er stort, og regjeringa ønskjer å medverke til å realisere dette. Samtidig er kystnære sjøområde viktige for mange og til dels motstridande interesser. Det gjeld næringsverksemd, transport, førebyggings- og beredskapstiltak, forsvar, rekreasjon, friluftsliv, naturmiljø, landskap og kulturminne. Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Regjeringa legg vekt på at det skjer ei samordning mellom myndigheiter og lovverk gjennom planarbeidet. Ny kunnskap og digitale verktøy gir fylkeskommunar og kommunar eit betre grunnlag for planlegginga.*

*Regjeringa vil leggje til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, og for føreseieleg og berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. Regjeringa prioriterer også arbeidet for reint hav og ei lønnsam utvikling av havbruksnæringa. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir varetekne.*

### Rundskriv H-6/18, Lovar og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder. Veileder, Planlegging i sjøområdene, mai 2020

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har som mål med dette rundskrivet å informere om korleis pbl og viktige sektorlovverk i kystnære sjøområde skal sjåast i samanheng og samordnast. Behovet for ein oppdatert og heilskapleg planlegging med samordning og avklaring av kompetansemynde har auka, og pbl er den sektorovergripande lova som skal sikre samordning i arealbruk. Rundskrivet legg m.a. vekt på oppdaterte kommuneplanar som vil redusere konflikter lokalt og gi mindre behov for dispensasjonssøknadar.

Rundskrivet stadfester at område for akvakultur som hovudregel bør avklarast i kommuneplanen sin arealdel. Det vert forventa at fylkeskommune og kommune sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa og at dette vert vekta opp mot miljøomsyn og andre interesser. Vidare må det som del av kommuneplanen for nye/endra akvakulturområde vurderast om tiltaket (oppdrettsverksemd) vil kunne få løyve etter akvakulturlova og forureiningslova, med eventuelle vilkår. Dersom område vert vurdert som ueigna for bestemte typar akvakultur på grunn av lokale miljøforhold, bør arealet ikkje regulert til denne type akvakultur i kommuneplanen. Nivået for vurderinga og utgreiinga må vera tilpassa kommuneplannivået sidan det vil bli gjennomført meir detaljerte vurderingar av m.a. miljøverknadar ved handsaming av søknad etter akvakulturlova. Departementet meiner difor at det ikkje er naudsynt at alle miljøforhold er avklart i detalj i kommuneplanen, og at kommunar bør vera svært tilbakehalden med å sette vilkår for akvakultur som vert regulert av anna sektorregelverk.

Rettleiaren frå mai 2020 utfyller Rundskriv H-6/18 frå 2018 og gir råd om forvaltninga av kystnære sjøområde ved bruk av pbl. I rettleiaren er prosess, kunnskapsgrunnlag og døme på framstilling av plankart og føresegner skildra. Det er også omtala at planlegging av sjøområda som eigen kommunedelplan er ein moglegheit og vil kunne vera meir effektivt enn å revidere samla kommuneplan. Det vert presisert at når det vert laga plan som berre omfattar sjøområda må forslag til arealbruk vurderast i samanheng med arealbruken som finst på land.

### Forskrift, produksjonsområdeforskriften (2017)

Frå og med 2017 vart det innført ei ny rammebetingelse for næringa med geografisk avgrensa område til akvakultur, kalla produksjonsområde (PO). Planområdet ligg innanfor produksjonsområde 3 Karmøy til Sotra. Det nye regimet er heimla i produksjonsområdeforskrifta (16.01.2017) der føremålet er: «*Forskriften skal fremme akvakulturnæringens lønnsomhet og konkurransekraft innenfor rammene av en miljømessig bærekraftig utvikling og bidra til verdiskaping på kysten, ved opprettelse av produksjonsområder og regulering av produksjonskapasitet for akvakultur med laks, ørret og regnbueørret*». Regulering av produksjonskapasiteten innanfor kvar enkelt produksjonsområde er basert på handlingsregel for miljøtilstand i produksjonsområda. I dag er miljøindikatoren knytt til lakselus, og antatt påverknad frå lakselus på vill fisk vil avgjera om det kan akseptertast auke, ingen endring eller reduksjon i produksjonskapasitet (trafikklys indikator). Forskrifta seier at departementet anna kvart år skal gjera ei vurdering av om produksjonskapasiteten skal justerast i eit produksjonsområde.

### Andre lovar og forskrifter

Relevante lovar og forskrifter er ikkje omtala her, men særleg relevant er akvakulturlova med tilhøyrande forskrift, forureiningslova, naturmangfaldslova, vassressurslova, vassforskrifta, kvalitetsnorm for vill laks, og lakse- og innlandsfisklova. Andre relevante dokument/føringar er m.a. nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, regional vassforvaltningsplan.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi)

FN sine berekraftsmål er lagt til grunn for arbeidet. Basert på desse og med utgangspunkt i grunnlagsdokumenta, har Fylkestinget i Vestland slutta seg til fire hovudmål, alle med fleire strategiar. Måla er:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

#### Plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland (2020)

Denne er ein av fleire strategiar fylkeskommunen har utarbeida. Plaststrategien synleggjer og avklarar regionalt prioriterte satsingsområde, verkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast. Målsetjinga er at fylkeskommunen skal hindra at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. Fylkeskommunen skal og leggje til rette for innovasjon og utvikling innanfor næringslivsaktørar, forskning og andre aktørar som Skjærgårds-tjenesten og friluftsråd.

#### Regional plan for vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning Hordaland (2016-2021) er under revisjon, og Vestland fylkesting vedtok planprogrammet 17.12.2019. Planprogrammet inneheld ei oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak, og er derfor eit viktig dokument i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltingsplan og tiltaksprogram.

#### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Samnanger kommune er ikkje ein del av dette planområdet, så er ein del overordna problemstillingar knytt til miljøpåverknad frå næringa relevant. Føremålet med kystsoneplanen å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

#### **Lokale føringar og rammer**

I framlegg til ny kommunal planstrategi 2020-2023 er det vedteke at FN sine berekraftsmål skal liggja til grunn for all aktivitet i kommunen. Berekraftsmåla er formulert i 17 hovudmål med ei rekkje delmål, og mange av desse er relevante å ta omsyn til i kommunen si daglege drift og forvaltning.

Vidare vil gjeldande kommuneplan for Samnanger kommune, areal og samfunnsdel, vera grunnlag for planarbeidet. I tillegg til andre lokale delplanar som m.a.: Energi- og klimaplan Samnanger kommune, 2010. Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2014-2024. Kommunedelplan for kulturminne, 2012-2020.

## **4 Sentrale begrep**

AKVAKULTURLØYVE er ein rett eit selskap har til å ha ei definert mengd biomasse i sjøen til ei kvar tid. Eit akvakulturløyve skal vera knytt opp mot lokalitetar, men kan knytast opp til fleire lokalitetar innan bestemte geografiske område (regionane til Fiskeridirektoratet). Det vil sei at eit akvakulturløyve kan vera knytt til fleire lokalitetar og ein lokalitet kan vera godkjent for fleire akvakulturløyver.

LOKALITET er eit stadbunde, koordinatfesta område i sjø eller på land der det kan drivast akvakultur.

BIOMASSE er den til ei kvar tid ståande mengde av levande fisk (målt i kilo eller tonn)

MTB – MAKSIMALT TILLATT BIOMASSE regulerer produksjonen som er tillaten på lokaliteten (akvakulturløyve på lokaliteten). MTB er definert både på selskapsnivå i kvar region og på lokalitetsnivå. Summen av MTB for akvakulturløyva til kvart selskap gir maksimal ramme for kor mykje biomasse eit selskap har lov til å ha i sjø til ei kvar tid. MTB per lokalitet definerer kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid. Dette gjer at for at selskapa skal kunne utnytte eit akvakulturløyve optimalt innanfor biomassetaket, er dei avhengig av å kunna fordela biomasse over fleire lokalitetar.

FISKE OG FERDSSELSFORBOD, AKVAKULTUFORSKRIFTA § 18. Fiske- og ferdselsforbud: «*Det er forbudt å drive fiske nærmere anlegget enn 100 meter og å ferdes nærmere enn 20 meter. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten*». Fiske- og ferdselsforbudet gjeld frå anlegget sine ytterpunkt som er markert med bøyer.

MERD OG FORTØYINGSRAMME. Merd er eit generelt begrep på konstruksjon som matfisk er lukka inne i, ei not med flytekrage. Merd kan omfatta både plastring og stålbur. Plastring er ein type rund merd som vert halde utspent av ei fortøyingsramme (flytande rammeverk). Bur merdar som ligg inne i firkanta stålfortøyningar.

FORTØYINGSANLEGG består av fortøyingslinje som går frå anlegget på sjøoverflata og til feste på sjøbotn. Fortøyingsanlegget held akvakulturanlegget stabilt og på plass. Ankerfeste for oppdrettsanlegg kan utformast på ulike måtar enten med boltar i fjell eller med anker. Det er spesifikke krav til haldekraft for oppdrettsanlegg, nasjonal standard NS9415 og NYTEK forskrifta .

RESIPIENT er ein type mottakskjelde. I kystzone samanheng ofte eit felles uttrykk på bekk, elv, innsjø, hav eller anna vassskjelde. Sårbare resipientar er vassførekomstar som får store konsekvensar dersom dei vert utsett for miljøskadar.

MILJØUNDERSØKINGAR, MOM-B OG MOM-C. Alle som søker om løyve til å drive oppdrett må utføre ei miljøundersøking før eit anlegg kan leggest ut, samstundes er anlegg som er i drift pålagt å jamleg dokumentere at miljøtilstanden på lokaliteten er tilfredsstillande jf. Norsk standard NS 9410. Miljøundersøkingane er delt inn i to typar undersøkingar: MOM-B som undersøker nærområdet til anlegget, og MOM-C som ser på verknaden i overgangssona lengre vekk frå anlegget. Undersøkingane gir samla eit resultat der MOM-B er klassifisert frå meget god til meget dårleg lokalitetstilstand (1-4) og MOM-C er klassifisert frå svært god til svært dårleg miljøtilstand (1-5).

## 5 Utfordringar og sentrale problemstillingar

Utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her.

### 5.1 Utgreiingsprogram

Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innafor det enkelte tema, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjersler. Dette er skildra i kapitel 6. All kartfesta informasjon vil bli samanstillt med bruk av GIS-verktøy. Konsekvensutgreiinga for ny eller endra arealbruk tek utgangspunkt i dagens situasjon, 0-alternativet. Dagens situasjon, 0-alternativet, er definert som arealbruk fastsett i vedtekte planar (kommuneplan eller reguleringsplan), samt tildelte løyve etter særlovverk (akvakulturlova mfl.).

Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført på to nivå og tabellen under syner fagtema som skal utgreiast :

- Samla konsekvens av planframlegget  
Verknaden av det samla planframlegget vil bli skildra og vurdert i ein tekstleg del med tilhøyrande oppsummering og konklusjon. Det vil ikkje bli nytta skala eller talfesting av konsekvens for denne utgreiinga.
- Vurdering av enkeltvise arealendringar:  
Utgreiinga skal vurdere verknad av tiltak på sjøoverflata og fortøyningar. Det er tenkt nytta ein fem-delt skala i vurdering av endringar for enkeltareal. Skalaen er nytta med glidande overgangar i vurderingar for å synleggjere når det ikkje er eintydig positiv eller negativ verknad;  
negativ (--)      liten negativ (-)      ingen/ubetydeleg (0)      liten positiv (+)      positiv (++)

Utgreiingstema	Deltema	Moglege verknader/ utgreiingsbehov	Avgrensing av vurderingar
<b>Naturverdiar og biologisk mangfald</b>	Marint naturmangfald Vassdragsnatur	Verknad på naturmiljøet knytt til både land, sjø og vassdrag for arealbruken, samt ringverknad av planframlegget. Sumverknad skal vurderast. Sentrale tema vil vera lokal og samla belastning på ytre miljø; forureining, smitteomsyn, lakselus og risiko for rømming. Utgreiinga skal omfatte verknad for m.a. villfisk, anadrome vassdrag, naturtypar, naturvern område og botnforhold.	Direkte arealkonflikt Influensområde: lus, forureining, rømming
<b>Friluftsliv og rekreasjon</b>	Rekreasjonsbruk på land/ strandsone Rekreasjonsverdiar på sjø	Verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og vassdrag.	Direkte arealkonflikt Influensområde: Visuell kontakt
<b>Landskap og kulturminne</b>	Nærverknad Fjernverknad Strandsone	Anlegget sin visuelle verknad på landskapet. Verknadar for naboar og nærområde som m.a. næringsområde, bustadfelt.	Direkte arealkonflikt Influensområde: Visuell kontakt

	Kulturminne i sjø Kulturmiljø	Anlegget sin visuelle verknad	Direkte arealkonflikt  Influensområde: Visuell kontakt
<b>Fiskeri/ Naturressursar</b>	Marine ressursar	Verknad for gyteområde, oppvekst/ beiteområde, skjelsand	Direkte arealkonflikt
	Fiskeriinteresser	Verknad for fiskeplassar	Direkte arealkonflikt
<b>Ferdse på sjø</b>	Skipstrafikk og arealbruk	Verknad for ferdsel på sjø og tilkomst for nærliggjande utbyggingsføremål på land (næring, småbåtanlegg/hamn, naust).	Direkte arealkonflikt
<b>Samfunnsverknad</b>	Nærmiljø Folkehelse/støy og lys	Verknad for nærliggjande utbyggingsføremål, friluftsområde, naturområde	Direkte arealkonflikt  Influensområde: støy, lys, lukt
	Næringsutvikling/ verdiskaping/ samfunnsnytte	Ringverknadar for verdi og utvikling i kommunen og regionen, samt selskap/oppdrettar	

## 5.2 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnssikkerhet i kommunanes arealplanlegging» (2017). Sentrale tema i analysen vil vera tilhøve for akvakulturområda; Ras og skred, ferdsel og ekstrem vêr. Og tilhøve for omkringliggjande areal; Støy, røemming, smitte til villfisk (sjukdom og lakselus), bruk av kjemikalium, samt ferdsel. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i planen.

Metodisk vil ein ta utgangspunkt i akseptkriteria som er nytta i gjeldande kommuneplan 2018. Kriteria nytta her er fastsett av kommunestyret hausten 2014.

Sone	Risikobilete
	Uakseptabel risiko: Dersom arealet skal takast i bruk må det gjennomførast grundigare undersøkingar og utførast risikoreduserande tiltak.
	Risikoreduserande tiltak kan gjennomførast dersom det er økonomisk og miljømessig forsvarleg
	Akseptabel risiko. Ingen trong for risikoreduserande tiltak



Sannsyn	Kategori	Tidsintervall, returperiode
Svært sannsynleg	S-6	Årleg
Ganske sannsynleg	S-5	Ikkje årleg, men oftare enn kvart 20. år.
Sannsynleg	S-4	Sjeldnare enn kvart 20.år, men oftare enn kvart 100.
Noko sannsynleg	S-3	Sjeldnare enn kvart 100.år, men oftare enn kvart 500.
Lite sannsynleg	S-2	Sjeldnare enn kvart 500.år, men oftare enn kvart 1000.
Usannsynleg	S-1	Sjeldnare enn kvart 1000.år

Konsekvens	Kategori	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Katastrofal	K-6	Fleir enn 10 døde og/eller meir enn 20 alvorleg skadde.	Varige, til dels irreversible og alvorlege miljøskadar av stort omfang	Skader for meir enn kr 250 000 000.
Kritisk	K-5	Inntil 10 døde og/eller inntil 20 alvorleg skadde.	I verste fall alvorleg skade på miljøet som det tar generasjonar å rette opp	Skader for inntil kr 250 000 000.
Alvorleg	K-4	Inntil 3 døde og/eller inntil 15 alvorleg personskadar.	Store og alvorlege miljøskadar som det kan ta over ti år å rette opp.	Skader for inntil kr 50 000 000.
Moderat	K-3	Inntil 5 alvorlege personskadar	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang eller alvorlege skadar av lite omfang	Skader for inntil kr 5 000 000.
Liten	K-2	Mindre skadar	Små skadar på miljøet som vert retta opp naturleg innan eitt år.	Skader for inntil kr 500 000.
Ubetydeleg	K-1	Ingen eller ubetydelege personskadar.	Små utslipp med ubetydeleg miljøskade.	Ubetydelege kostnader

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Green	Red	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow	Red

Tabell 7- Risikomatrix, liv og helse

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow	Red

Tabell 8- Risikomatrix, ytre miljø

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S2	Green	Green	Green	Green	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow

Tabell 9- Risikomatrix, materielle verdiar

#### Ekisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmande):

- Resipientundersøkingar, strandsonkartleggingar og straumkartleggingar
- Fagrapportar Rådgivende Biologer, UNI Miljø og Havforskningsinstituttet
- Risikovurdering norsk fiskeoppdrett. Havforskningsinstituttet
- Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter- 2016. Havforskningsinstituttet
- Nettsider: Skrednett.no Naturbase, Miljødirektoratet, Artsdatabanken, kystverket mfl.


#### Supplerande registreringar/undersøkingar:

Moglege konsekvensar som planlagde tiltak vil ha på beredskap ogulukkesrisiko vil verta greia ut gjennom ROS- analyse av den konkrete arealendringa og av planframlegget. Dersom analysen avdekkar risiko eller sårbare område vil ein forsøke å tilpasse arealbruken eller områda markerast med omsynssone med krav til tiltak i føresegnar. Det er ikkje planlagt supplerande registreringar eller spesielle undersøkingar som del av ROS-analysen.

### 5.3 Naturmangfald


Fjordsystema ved planområdet er dokumentert gjennom ulike kartleggingar og rapportar i samband med ekisterande akvakulturlokalitetar, samt andre prosjekt og planar for fjordsystemet.

Det er ingen naturreservat eller verna marine området innanfor kommunen sine grenser. På land er det fleire naturtypar og utvalde naturtypar, men det er ingen registrerte marine naturtypar i kommunen. Nærmaste marine naturtypen er ved Bogøy/Samnøy i Bjørnafjorden kommune. Det er kartfesta registreringar av sild og makrell i indre del av fjorden. Dette er artar som er definert som ansvarsart og artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Det er også registrert elvemusling som også er av særleg stor forvaltningsinteresse i elva Skjeljåna inst i Trengereidfjorden og Hopselva i Bjørnafjorden kommune.



Figur 4. Oversikt av registrerte artar av nasjonal interesse (brune punkter), funksjonsområde for artar (brune areal) og naturtypar (mørke og lys grøne areal).

Det er i lakseregisteret registrert eit vassdrag innanfor kommunegrensa med oppgang av anadrom fisk (sjøaure/laks), og det er Tysseelva/Samnangervassdraget. I følgje lakseregisteret er sjøaurebestanden sårbar og tilstand på bestanden av laks dårleg/svært dårleg. Det er vist til at det er lakselus og vassdragsreguleringar som er avgjerande for bestandsituasjonen for sjøaure og laks. Det er ikkje, grunna fiskeforbod, sidan 2007 registrert fangst av sjøaure eller laks i vassdraget. Alle anadrome vassdrag er ikkje registrert i lakseregisteret og særleg gjeld dette sjøaurevassdrag. Det er andre anadrome vassdrag i kommunen, m.a. Storelva/Skjeljåna inne i Trengereidfjorden.



Figur 5. Venstre: Registrerte vassdrag med oppgang av anadrom fisk i næraste fjordområde (sjøaure/laks). Til høgre, syner lakseførande strekning i Tysseelva/Samnangervassdraget. Kjelde: Lakseregisteret.

Innanfor kommunen sine grenser er sjøområda ein del av tre vassførekomstar. Alle førekomstane er klassifisert til å ha moderat til god naturleg økologisk tilstand. I tillegg kjenner ein til at oksygenforholda i dei djupaste laga i fjorden er dårlege. Rapportar frå 1985 og 1999 syner også dette. Det er ikkje kjent om dette er naturgitt tilstand, påført tilstand eller om det er klimatiske forhold som gir desse forholda. Dette forholdet gir at spesielt indre del av Samnangerfjorden er sårbar for auka organisk belastning.

Den teoretiske produksjonsintensiteten i vassførekomstane i fjordsystemet i kommunen er omtala for kvar vassførekomst.

- Samnangerfjorden indre: Produksjonsintensitet ca. 75.000 tonn/km<sup>2</sup>. Moderat naturleg tilstand. Sist MOM-B undersøking er frå 2019 ved maksimal belastning knytt til lokaliteten Nygård. Den viser tilstand 3, dårleg. Det same gjorde undersøking i 2012 og desember 2014. Undersøking i 2013, 2015, 2016 og 2017 viser tilstand 2, god. Undersøking i 2010 og april 2014 syner tilstand 1, meget god.
- Samnangerfjorden ytre, produksjonsintensitet ca. 22.000 tonn/km<sup>2</sup>. God, naturleg økologisk tilstand. Sist MOM-B undersøking er frå 2018 ved maksimal belastning knytt til lokaliteten Sagen 2. Den viser tilstand 1, god. Den same tilstanden vart registrert i 2014 og 2016.
- Trengereidfjorden, produksjonsintensitet 0 tonn/km<sup>2</sup>. God, naturleg økologisk tilstand

I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land, sjø og vassdrag. Sentrale tema vil vera lokal og samla belastning på ytre miljø; Forureining, smitteomsyn, lakselus og risiko for rømming, samt forstyrningar på grunn av aktivitet. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det skal leggast særleg vekt på samla verknad og belastning på fjordsystemet.

#### Eksisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmande):

- Naturbase, miljøstatus og artsdatabanken
- Lakseregisteret og fangststatistikk
- Vassdirektivet og vannportalen/vannmiljø
- Fiskeridirektoratet sin kartdatabase
- Status for norske laksebestander. Vitenskaplig råd for lakseforvaltning
- Risikovurdering norsk fiskeoppdrett. Havforskningsinstituttet
- Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter- 2016. Havforskningsinstituttet
- Eksisterande miljøundersøkingar; MOM-undersøkingar, hydrografiprofilar og historiske resipientundersøkingar

#### Supplerande registreringar/undersøkingar:


Det er vurdert at registreringar i offentlege databasar, eksisterande rapportar og kunnskap er rekna for å vera tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane av planforslaget. Det er ønskeleg å ha dialog med fylkesmannen for å få betre kunnskapsgrunnlag kring resipientforholda i fjorden. Ein vil gjennomføre ei samanstilling av eksisterande og ny kunnskap for å synleggjere verknad for naturmangfald for arealendring og samla for planforslaget. Utgreiinga omfattar direkte arealbeslag og indirekte verknadar på influensområdet.

## **5.4 Friluftsliv og rekreasjon**

Det er fleire område med friluftsverdiar innanfor kommunegrensa, både statleg sikra friluftsområde og friluftsområde med lokal/regional verdi. Lokalbefolkninga nyttar både strandsone og sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å legge til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg.

Det er eit statleg sikra friluftsområde knytt til strandsona, Rolvsvåg. Området er skildra å vera eit romsleg friluftsområde med badevik, svaberg og god tilkomst med parkeringsplass. Området er lokalt mykje nytta. Det er kai og fortøyingsboltar, gangveggar, bord og benker, grill, toalett, og informasjonstavle i området. Området

er tilrettelagt for rørslehemma med veg for rullestolbrukarar, handikaptilpassa toalett og baderampe. I tillegg til det statleg sikra friluftsområde er det fleire større lokale/regionale friluftsområde som er knytt til sjøen, som t.d. ved Rolvsvåg og Flesjane/Ådlandsneset. Dette er område som er verdisett til å ha svært viktig verdi. Området Flesjane/Ådlandsneset er eit større kommunalt sikra friluftsområde som er mykje nytta til bading, grilling og båtliv. Det er ikkje kartfesta område som er spesielt viktig for fritidsfiske i sjø eller fiske etter anadromfisk i vassdrag. Ein er kjent med at sjøområda vert nytta til slike føremål og at Tysseelva har oppgang av anadrom fisk slik at det er potensial for fritidsfiske fleire stadar i kommunen (ingen fangststatistikk sidan 2007).



Figur 6. Figur som viser kartfesta friluftsområde og verdier i området. Kjelde: fylkesatlas.no.

I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og vassdrag. Utgreiinga omfattar også fortøyningssystem. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknad.

Eksisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmmande):


- Fylkesatlas.no
- Kommuneplan Samnanger
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Innspel frå lokale fritidsfiskarar om deira bruk av areala (vassdrag og sjø)
- Lokal kunnskap om bruken av sjø og strandsone

**5.5 Landskap og kulturminne**

Busetnaden i kommunen er størst i indre delar av Samnangerfjorden, og kommunen sitt administrasjonssenter ligg i Tysse. Sjøområdet i Samnanger kommune er ein del av landskapsregion Midtre bygder på Vestlandet, landskapstypen middels breie fjordløp, og består av områda Samnangerfjorden/Eikelandsfjorden og Trengereidfjorden. Sjøområdet er inndelt i 4 delområde, med verdi vanleg førekommande landskap og middels verdi. Landskapskarakteren for dei ulike delområda er skildra slik




1. Samnangerfjorden nord: Fjordbotn med veldefinert og enhetlig romlig helhet. Variert arealbruk med vekslning mellom jordbruksområde, urørte strandlinjer og tettstadar.
2. Samnangerfjorden: Sund. Samanhengande jordbruksflater på begge fjordsider.
3. Trengereidfjorden: Markert fjordbotn. Lukka innramming med skogsåsar og fjellområde i bakkant. Samanhengande jordbruksområde i botn. Fjordspenn ved inngang
4. Samnangerfjorden: Einsarta fjordløp med liten variasjon og arealbruk.



Figur 7. Kartutsnitt der landskapsområda er synt med verdi. Delområde er gitt nummerering som vist i tekst ovanfor. Kjelde: kartivest.

Vurderingar knytt til kulturminne og kulturmiljø vil også verta vurdert i dette kapitelet. Det er ingen kjente automatisk freda kulturminne i sjøområda i kommunen. Det er fleire kulturminne på land, der mange av dei er knytt til område som ligg tett på sjøen.



Figur 8. Registrerte automatisk freda kulturminne er synt med rødt utheva punkter/område. Kjelde: Riksantikvaren.

Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal vurderast. Verknadar for naboar/busetnad og nærområde av eksisterande og nye akvakulturføremål skal skildrast i planframlegget. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknader.


Eksisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmende):

- Kommuneplanen sin arealdel (eksisterande og framtidig arealbruk)
- Kommunedelplan for kulturminne
- Grunnkart som syner busetnad
- Automatisk freda kulturminne

**5.6 Fiskeri/naturressursar**

Det er fiskeriinteressar i fjordsystemet. I følgje kartløyisinga til Fiskeridirektoratet er det fiskeriinteressar innanfor og i nærleiken av planområdet. Innanfor kommunegrensa finn ein:

- Det er to kartfesta fiskeplassar for aktive reiskapar i kommunen; *Øst av Rolvsvågneset, Samnangerfjorden i sør og Tysse, Samnangerfjorden i nordaust*. Begge er rekefelt, og registrert allereie på seint 1980-talet. Areala er i gjeldande kommuneplan regulert til føremål Fiske.
- Det er 7 kartfesta låssettingsplassar i kommunen. Alle er heilt eller delvis avsett til Fiske i gjeldande kommuneplan.
- Det er registrert oppvekstområde -beiteområde i sørre del av kommunen.
- Det er registrert 4 gyteområde i nordre del av kommunen. Areala er avsett til Fiske i gjeldande kommuneplan.



Figur 9. Fiskeriinteressar. Kjelde: Fiskeridirektoratet.



Ein er ikkje kjent med at det er registrert naturressursar knytt til skjelsand eller liknande innanfor kommunen sine grenser. Ivaretaking av gyteområde og oppvekst/beiteområde er viktig for å oppretthalde fiskerinæringa. Disse områda sin verdi som biologisk mangfald vert utgreia i kapitel naturmangfald, og områda som fiskeressurs for tema fiskeri/naturressursar .


I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på fiskeri og fiskeressursar. Dette omfattar anlegg på sjøoverflata og fortøyingsystema frå anlegga. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknad.

Grunnlagsmateriale (ikkje uttømmende):

- Fiskeridirektoratet sin kartdatabase
- Lokal kunnskap frå fiskarar i området

**5.1 Ferdsl på sjø**

Bileia *Samnangerfjorden* nr. 2214 går inn Samnangerfjorden. Det er ikkje registrert ankringsplassar eller ISPS hamn innanfor kommunen. Analyse i kart og statistikkbanken Kystdatahuset viser at det i hovudsak er skipstrafikk til og frå Sagen og Rolvsvåg. Det er noko usikkerheit i desse tala då topografien i indre del av Samnangerfjorden gjer det utfordrande å få registrert sjøtrafikken her.



*Figur 10. Farlei og arealavgrønsing for farlei (grønfarge) i området. Utsnitt til høgre viser seglingar i periode august 2019-august 2020. Graf under viser tal skip og deira storleik innanfor kommunen sine grenser i perioden august 2019-august 2020. Kjelde: kystverket og kystdatahuset.*

Ein er ikkje kjent med at Forsvaret har interesser innanfor kommunen sine grenser knytt til skyte- eller øvingsfelt. Ein ønskjer dialog med Forsvaret dersom det er gradert informasjon om slike interesser innanfor kommunegrensa.

I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på ferdsel på sjø. Dette omfattar anlegg på sjøoverflata og fortøyingsystema frå anlegg. Det vil vera aktuelt å ha dialog med kystverket for å få betre kunnskapsgrunnlag for skipstrafikk i fjorden. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknad.

Eksisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmende):

- Kystverket sin kartdatabase
- Kystdatahuset
- Statistikk og AIS for skipstrafikk i området

## 5.2 Samfunnsverknad

### 5.2.1 Nærmiljø

Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegga i form av m.a. aggregat, fôringsanlegg med blåsepumper, fôr som går i slangar og spreining av fôr. I tillegg er aktivitetar knytt til den daglege drifta som båttrafikk, arbeidslys, samt ulike arbeidsoperasjonar med lasting/lossing/behandingar med meir. Det er forureiningslova med tilhøyrande forskrifter som regulerer utslepp, og det er Fylkesmannen som er ansvarleg mynde i slike saker.

På oppdrag frå Miljødirektoratet har Multiconsult utarbeida rapporten *Kartlegging av støy fra akvakulturanlegg i sjø* (12.09.2019). Denne rapporten omfattar mellom anna målingar frå støykjelder på oppdrettsanlegg, og berekning av støysoner basert på erfaringsmålingar. Ein vil i utgreiinga ta utgangspunkt i rapporten sine berekningar, og resultat med forventa avstandar for ulike støygrenser og aktivitetar frå eit anlegg.

Arealendringar si påverknad på nærmiljø med omsyn til lyd, lys og lukt skal vurderast. Verknadar for naboar/busetnad og nærområde av eksisterande og nye akvakulturføremål skal skildrast. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknader.

Eksisterande grunnlagsmateriale (ikkje uttømmende):

- Kommuneplanen sin arealdel (eksisterande og framtidig arealbruk)
- Grunnkart som syner busetnad
- Kartlegging av støy fra akvakulturanlegg i sjø (Multiconsult, 2019)

### 5.2.2 Næring

Akvakulturnæringa har gjennom si relativt korte historie blitt viktig for sysselsetjing og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Næringa har bidrege til å oppretthalda og vidareutvikla mange større og mindre kystsamfunn. Samstundes har næringa fått ei aukande og til dels stor rolle for nasjonal verdiskaping og eksportinntekter.

Det finst fleire rapportar og statistikk knytt til nasjonal tyding av sjømatnæringa. Mellom anna finn ein i rapporten *Nøkkeltal Vestlandet* at verdiskapinga i Vestland fylke er størst innan næringane finansiering og forsikring, helse og sosialtenester, industri, energiforsyning og transport. Verdiskaping knytt til næringsklassen *fiske, fangst og akvakultur* utgjør mindre i Vestland fylke, men om lag 20% av den nasjonale verdiskapinga innan den næringsklassen. Statistikken viser at der var 21 personar i Samnanger kommune sysselsett innan næringsklassen *fiske, fangst og akvakultur* i 2019. I følgje rapporten *Nasjonale ringvirkningar av*

*sjømatnæringen 2019* var om lag 8.000 sysselsette i fiskeri, oppdrett, fiskeindustri og spesialiserte leverandører i Vestland fylke. I tillegg 7.000 indirekte sysselsette som følge av vare- og tenestekjøp fra anna næringer. Direkte og indirekte verdiskaping fra sjømatnæringa i Vestland var i 2019 på om lag 20,9 milliardar kroner. Vestland er det nest største fylket målt i tal sysselsette i direkte sjømat-relatert verksemd, berre Møre og Romsdal har fleire.

Måltal, år 2017		Sals- inntekt	Drifts- resultat	Års- resultat	Verdi- skaping	Vare- eksport	Verksemder
Vestland	<b>MARIN SEKTOR, totalt</b>	<b>81 400 423</b>	<b>12 026 993</b>	<b>18 176 705</b>	<b>22 471 358</b>	<b>28 509 753</b>	<b>3 785</b>
	Fôrproduksjon	7 665 715	437 519	376 110	862 086	1 398 228	37
	Fiske	7 137 097	2 306 044	2 698 383	4 683 315	727 396	766
	Oppdrett	25 719 958	6 766 084	12 699 687	9 157 058	17 140 238	432
	Foredling	32 137 336	1 925 034	2 074 079	4 571 932	7 489 157	224
	Tenesteleverandør	5 278 701	579 383	348 766	2 239 762	792 381	1 432
	Utstyrsleverandør	3 461 616	12 929	-20 320	957 205	962 353	894
Samnanger	<b>MARIN SEKTOR, totalt</b>	<b>53 915</b>	<b>13 274</b>	<b>16 414</b>	<b>17 986</b>	<b>38 295</b>	<b>5</b>
	Fôrproduksjon	-	-	-	-	-	-
	Fiske	0	-86	5 007	-86	0	1
	Oppdrett	53 888	13 372	10 148	18 084	38 295	2
	Foredling	-	-	-	-	-	-
	Tenesteleverandør	0	-21	1 252	-21	0	1
	Utstyrsleverandør	27	9	7	9	0	1

Figur 11. Statistikk frå Vestland fylkeskommune sin statistikk bank knytt til marin sektor frå 2017.

Samnanger si noverande status innan marin sektor og framtidig utvikling som følge av planframlegget skal skildrast og vurderast. Vidare vil verknadar for oppdrettsbransjen og potensiale for utvikling eller ikkje også vurderast. Det er vurdert at eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere planframlegget sin verknad.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord  
Besøksadr.: Torgbakken 9  
poststord@abo-ark.no